



Notat

Frå: Fylkesdirektør for kultur

Til: Hovudutval for kultur

Korleis vil hovudutval for kultur gjennomføre arbeidet med prioriteringar mellom satsingar i kultursektoren?

I dette notatet foreslår fylkesdirektøren ein metode for å prioritere mellom ulike kultursatsingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkesdirektøren legg og fram ein arbeidsplan for hovudutvalet sitt arbeid med budsjett 2015/ økonomiplan 2015- 2018.

Bakgrunnen for dette er fylkestinget sitt vedtak i sak 55/13 Budsjett 2014/ økonomiplan 2014-17. Der heiter det i kapittel 2 Budsjettprofil:

«På sikt må organisasjonen bu seg på at dagens driftsnivå må reduserast. Det må setjast i gang eit målretta arbeid for å sikre at fylkeskommunen til ei kvar tid har fokus på dei viktigaste oppgåvene innafor ei venta søkkande inntektsramme.

Ein vesentleg del av hovudutvala sitt bidrag til/legitimitet i budsjettarbeidet ligg i å gje finansutvalet eit godt avgjerdsgrunnlag gjennom å prioritere eigen sektoraktivitetar innbyrdes. I løpet av våren 2014 skal hovudutval gå gjennom sektoren sine aktivitetar og rangere desse (altså ei rekkefølgetenking, ikkje rammetenking som i dag). Dette skal danne grunnlaget for dei grep det må takast stilling til i komande planperiode.»

I arbeidsdokument nr 1/14 (29.01.14) er tinginga til hovudutvala konkretisert, og utdjupa i arbeidsdokument 2/14 (02.04.14).

Fylkesdirektøren foreslår følgjande metode:

Då desse prioriteringane er knytt opp til økonomiarbeidet meiner fylkesdirektøren at det er viktig å nytte eksisterande kontoplan som grunnlag for dei vurderingar som skal gjerast. Det mest oversiktelege vil vera å ta utgangspunkt i programområda ved kultursektoren. Desse samsvarar med vedteke budsjett og fylkeskommunen sitt økonomisystem. For å finne eit praktisk og handterleg detaljgjeringsnivå i arbeidet med prioriteringane, kan det og vere



aktuelt å nytte ei noko meir detaljert inndeling, slik som vist i tabellen under. Det vil gje eit omfang på prioriteringane som gjev godt oversyn og samstundes er handterleg i den vidare handsaminga. Tabellen syner eit slikt oppsett.

Programområde	Teneste
740 Bibliotek	
	Bibliotek
750 Kulturminnevern	
	Kulturminneutvikling
	Fylkesarkivet
760 Museum	
	Musea i Sogn og Fjordane
	Gulatinget
771 Kunstformidling	
	Den kulturelle skulesekken
	Digital kulturformidling
	Kultur og helse
	Musikk
772 Kunstproduksjon	
	Knutepunktinstitusjonane
775 Fysisk aktivitet	
	Idrett
790 Andre kulturaktivitetar	
	Ungdomspolitisk utval
	Fylkesting for ungdom
	Ungdommens kulturmønstring
	Kulturmidlar, festivalar og arr.
	Utviklingstiltak kultur

Fylkesdirektøren tilrår og at ein i handsaminga synleggjer det samla økonomiske omfanget av kultursatsingane i fylkeskommunen. Dette fordi våre nettobudsjett løyser ut mykje eksterne midlar til eigne og andre sine kultursatsingar. Dette må takast omsyn til i vurderingar og prioriteringar.

Det kan hende hovudutala løyser denne oppgåve noko ulikt. For at finansutvalet skal kunne samanlikne på tvers av sektorane, ynskjer difor fylkesrådmannen at ein nyttar lik prioriteringsrekkefølge i vurderingane. Tabellen på neste side syner det.

1. Kjernenivå –teneste	Mill kr	Konsekvensar
<p>Det det kostar å yte eit minimum av tenester i fylkeskommunen:</p> <p>Krav til oppfyljing av opplæringslova, Lov om tannhelsetenester, andre aktuelle lover som gjev fylkeskommunen ei plikt til å yte ei teneste etc.</p> <p>Eks.: (1) Ein kan drive eit forsvarleg tenestetilbod innan vidaregåande opplæring med færre skular enn i dag, (2) Ein kan yte eit forsvarleg tilbod innan tannhelsetenesta med færre klinikkar enn i dag, (3) Skuleskyssen er lovpålagd – dimensjonerer eit grunntilbod</p>	Anslag	<p>Kva inneber det å drive tenesta på dette nivået – fokus på kvalitet/ konsekvensar.</p> <p>Dette nivået kan ikkje setjast opp mot andre tenester utan å bryte lova.</p>
<p>For ein del område(kollektivområdet, næring, plan og samfunn; kultur) er det vanskeleg å finne eit lovkrav som definerer eit minstenivå. Då skal det gjevast ei vurdering av eit minimums tenestenivå som fylkeskommunen må yte for i det heile å gje eit tilbod.</p> <p>Eks.: Kollektivområdet – tillegg til skuleskyssen kan vere lokale ruter og regionale ruter, Kva er minstenivået på næringssetjing, kulturområdet?</p>		<p>Kva inneber det å drive tenesta på dette nivået – fokus på kvalitet/ konsekvensar.</p> <p>Pga ikkje lovpålagt område kan dette settast opp mot å avvike tenesta/tilbodet.</p>
2. Framhald av dagens tenestenivå		
<p>Her skal ein ta inn tenester/ytingar som går ut over kjernenivået på tenesta opp til dagens tenestenivå i prioritert rekkefølge.</p> <p>Eks.: Kollektiv: Ungdomskort, parallelle rutetilbod; VGO: toppidrettstilbod, miljøarbeidarar, næringslivskontaktar; Tannhelse: kompetansesenter</p>		<p>Eksplisitt vise auka kvalitet av tilbodet ved utviding i høve kjernenivået.</p>
3. Ynskt utvida tenestenivå		
<p>Fordi finansutvalet vil nytte prosessen til ev. omfordeling mellom sektorane, bør ein kort gje nokre vurderingar av kva som trengst for å styrke dagens tenestetilbod innan denne pakken.</p>		<p>Eksplisitt vise auka kvalitet av tilbodet ved utviding i høve dagens nivå.</p>

Arbeidsplan:

Finansutvalet sin arbeidsplan syner at hovudutvalet vil få Budsjett 2015/ Økonomiplan 2015-2018 til handsaming slik:

- 27. mai Prioritering av satsingane innan kultursektoren
- 24. september Handsame detaljert sektorbudsjett
- 26. november Handsame finansutvalet sitt endelege framlegg til Budsjett 2015/ Økonomiplan 2015- 2018